

Årsplan for barnehagen ved Kyrkjebygda oppvekstsenter

2020-2021

Visjon:

**Det viktigaste er å få
leike**



Velkommen til barnehagen

Velkommen til enda eit nytt og spennande barnehageår. Og dermed også ein ny utgåve av årsplanen .

"Barnehagen skal utarbeide ein årsplan. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og dokumenterer barnehagens val og grunngjevingar. Årsplanen skal blant anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring".

Rammeplanen seier blant anna:

"Barnehagens samfunnsmandat er, i samarbeid og forståing med heimen, å ivareta barnas behov for omsorg, og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng".

Innhaldet i Årsplanen bygger vidare på det vi har arbeidd med dei siste åra:

Leik, trygghetssirkelen, språk og relasjonar. Samtidig som prosjektet Inkluderande skule og barnehagemiljø er i slutfasen og som har hatt Desse måla:

Fremme trygge og gode barnehage og skulemiljø.

Førebyggje mobbing og krenkelsar.

Handtere mobbing og andre krenkelsar.

Eit stort og viktig arbeid.

Innhald

S 1- Forside
S 2- Velkommen
S 3 – Hovudmål, -delmål
S 4 - Omsorg, leik og danning
S 5 - Kva barnet ditt lærer gjennom god leik
S 6 –Livsmestring og Helse -Pedagogisk grunnsyn
S 7 – Trygghetssirkelen
S 8 – Inkluderande skule og barnehagemiljø -Venskap
S 9 – Barns medverknad -Leik og språk
S 10 – Foreldras medverknad
S 11 –Fagområda - Arbeidsmåtar - Nynorsk -Progresjon
s. 12- - Digital satsing - Dokumentasjon-vurdering
s.13. – Førskuleplan - Samarbeid med skulen
S 14.- Prøveskule
S 15. Barnehageruta 2020-2021

Hovudmål:

Alle barn og vaksne med i leik

Den gode leiken gjer fellesskap og livsglede.

Dette er eit felles hovudmål for alle barnhagane i kommunen.

Rammeplanen seier blant anna dette om leiken:

« Å bidra til at barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt»

Delmål:

Vi har velt 3 delmål vi ønskjer å arbeide spesielt med i år

1. **Barna klarer å skape gode relasjonar.**
2. **Barna deltar i leik.**
3. **Barna kan løyse konflikhtar.**

Personalet skal få fagleg påfyll og reflektere saman rundt desse tre delmåla: "Kva ligg i dette? Kva betyr det i møte med barna? Korleis må vi/eg vere?" Og: "Kva kjenneteiknar god leik? Korleis bidra til at alle deltar i leiken? Hjelp barna i løyse konflikhtar på ein god måte for alle involverte.

Dette er mål vi ønskjer å arbeide med kvar dag, og som gjenspeglar satsinga i hovudmålet.

**BARNÅ FORTENER
"PÅSKRUDDE" VAKSNE.**

"Eg blir meg i møtet med deg"

Omsorg, leik, danning

"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast" (Rammeplanen s 20) Sidan 2012 har leiken hatt høg prioritet i vår barnehage. I fleire år satsa vi på kompetanseheving for alle i personalgruppa; møta våre blei bruka til å lære kvarandre meir om leik, og vi prioriterte kurs og litteratur med ulike innfallsvinklar til leik. No ønskjer vi å løfte leiken opp igjen. Dette skjer også nasjonalt. For eksempel er leiken hovudtema på konferransen Nordiske impulsar.

Barn vil leike! Aleine, saman med vaksne, saman med andre barn. Leiken er ein arena for samhandling og relasjonar, og vi må sjå til at alle får ta del i leik. Vi skil mellom tre ulike vaksenroller når vi arbeider med leik: - For dei minste er det viktig å vere i ein leikande relasjon til vaksne → vi må vere medleikar (vi er "ved sida" av barnet) Denne vaksenrolla er òg nyttig å bruke for å støtte større barn i leik. - Etter kvart blir barna meir opptatt av å leike ved sida av eller med kvarandre → vi er observatør/rekvisitør (vi er "bak" barnet) Vi er "i kulissene", og hjelper for eksempel med konfliktløsning, finn utstyr og kjem med idear. - Når vi ser at leiken går i stå eller at barn strevar med å komme med i leik, kan det vere nødvendig at vi er leikeledar (vi er "framfor" barnet).

Vi vaksne har eit ansvar med å leggje til rette kvardagen slik at barna har gode høve til den sosiale leiken, slik at den ikkje vert avbrote unødvendig. Vi vaksne skal også gje næring til leiken med blant anna å tilføre rekvisittar som kan stimulere fantasi og vidare leik, samt praktisk deltaking og hjelp i leik der det trengs.

" Si alltid ja når du blir bedt om å vere med i leik".

I barnehagen er det ein fin arena for å teste ut sosial åtferd. Kva er lov, kva er ok, kva er ikkje det? Her treng barna hjelp av kompetente vaksne som ser og kan gripe inn. Uønska åtferd skal stoppast, samtidig som barnet må få vite kva for åtferd som er ønska.

Det er viktig å sette ord på kjensler og forklare kva som skjer i situasjonen. God leik er vere med på å auke barnas sosiale kompetanse.

Kva barnet ditt får erfaring med og øver seg på i leiken.

Når barnet seier heime at det har «berre leika i barnehagen i dag», så har det faktisk:

- Tatt initiativ
- Vore eit barn
- Lytta til andre
- Vore ein del av eit fellesskap
- Utfalda seg
- Lært om reglar og normar
- Leda og blitt leda
- Nytta sansar
- Opplevd latter og glede
- Gjort erfaringar med ulike leiketyper
- Vist omsorg
- Samarbeida
- Bygget sjølvskjenlse
- Utvikla hjernen
- Trent på sjølvregulering
- Bearbeide erfaringar og opplevingar
- Vore kreativ
- Øvd finmotorikk/grovmotorikk
- Øvd seg på konfliktløsning og forhandling
- Opplevd motgang og små tap
- Opplevd vennskap
- Opplevd samhald
- Vore nysgjerrig
- Opplevd livsglede og humor
- Øvd på å kommunisere
- Byggje relasjonar
- Brukt fantasi
- Gjett av seg sjølv
- Øvd på å gje og ta
- Kjent på meistring
- Utvikla seg emosjonelt
- Utvikla seg intellektuelt
- Øvd på turtaking
- Øvd på å utsettje sine behov
- Tatt ansvar



- **Lært om eigen identitet og grenser**
- **Øvd tolmodighet**
- **Hatt det moro**
- **Øvd seg i sosialt samspel**
- **Vore sett og høyrd**
- **TRENT PÅ Å LEVE LIVET og takle kvardagen.**

Tenk på det neste gong barnet ditt seier at det berre har leika i barnehagen i dag 😊

Livsmestring og helse

Rammeplanen seier:» Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, mestring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal få ro, kvile og avslapping i løpet av barnehagedagen. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar. Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 22."

PEDAGOGISK GRUNNSYN

Det viktigaste er å få leike Denne haldninga skal prege tankane våre både i planleggingsarbeid og når vi er saman med barna i kvardagen. Det er viktig at alle dei vaksne i barnehagen ser kor viktig det er at alle barna kan leike og delta med dei andre barna.

Trygghetssirkelen:

Små barn er som el-biler med dårlig batteri.

Derfor trenger vi mange ladere".

Trygghets sirkelen er laga med tanke på samspel foreldre-barn. Den handlar om tilknytning mellom barnet og den viktige vaksne, og korleis vi kan forstå barnets behov. Foreldra vil alltid vere "viktige vaksne nr 1", personalet i barnehagen kjem kanskje som nr 2?

I alle fall så gjer trygghets sirkelen gode føringar for kva barnet treng av oss. Vi må arbeide for å vere ein "trygg base" og ein "sikker hamn", som støtter barnet i utforsking og som tek imot barnet når det kjem til oss. Ein slags ladestasjon for trygghet og omsorg.

Vi skal alltid vere større, sterkare, klokare og god. Når mogleg: følg barnets behov, når nødvendig: ta tak/leing.


Gode prinsipp frå Trygghets sirkelen kan òg vere ei rettesnor for korleis jobbe med fagområda og synleggjere progresjon:

Ettåringen: "la meg vere tett innpå, gje meg ei trygg hamn"

Frå 1-2 år: "forstå meg og støtt meg i ulike kjensler"

Frå 2-3 år: "hjelp meg i leiken"

Frå 3-6 år: "fortell meg historier, la meg lære meg nye ting og leike med dei andre barna, men ver der når eg treng deg"



Inkluderande barnehage og skulemiljø

Vi er no inne i den avsluttande fasen av dette prosjektet. Og skal no vidareføre prosjektet. Vi ønskjer å ha foreldra meir med, og ønskjer å vidareføre prosjektet med drahjelp frå FUB (Foreldretvalet for barnehage)

Hovudmål for satsinga:

"Auke skulane og barnehagane i Vest Telemark sin kompetanse til å fremje gode og trygge skule – og barnehagemiljø"

Barna i barnehagen skal møte eit miljø der dei kjenner seg trygge, kan utfolde seg og delta i eit fellesskap og leik der dei opplev at dei er viktige og har vener.

Samstundes som barnehagen er ein fin læringsarena for å erfare og øve på sosiale spelereglar og teste ut desse. Barna skal møte ein barnehage der dei får rettleiing og høve til å øve seg på å meistre ulike sosiale settingar og tileigne seg sosiale ferdigheiter og prososial åtferd som blant anna empati og medkjensle.

Dette er ein spennande satsing der vi er i eit nært samarbeid med skulene. Det er avsett 20% stilling i barnehage og 20% stilling i skule til denne nasjonale satsinga.

Innhaldet i prosjektet kan delast i tre nivå.1. Vi skal ha fokus på vaksenrolla, 2. Lære meir om korleis vi kan bidra til å: - skape eit godt og trygt miljø i barnehage og skule – førebygge krenkingar og mobbing -3. Handtere krenkingar og mobbing når det oppstår.

Vi nyttar boka Mobbeatferd i barnehagen, Ella Cosmovici Idsøe og Pål Roland, som alle i personalet har fått til odel og eige. Dette er ein fag bok, som også tar for seg gode eksemplar og aktivitetar med tanke på å forebygge mobbeatferd, fange opp mobbeatferd og handtere mobbeatferd.

Prososial atferd som f.eks å dele, syne empati, forståelse for andre barn, hjelpe kvarandre, løyse konflikhtar og å inkludere andre- kan førebyggje mobbeatferd.

Ver mot andre slik du vil dei skal vere mot deg

Venskap

Venskap og det å fungere sosialt saman med andre er noko av det viktigaste barna skal erfare i barnehagen.

Det å ha god sosial kompetanse avhenger blant anna av korleis barnet klarar å samhandle med andre barn, korleis barnet oppfattar leikekodane: **gje og ta, og bestemme litt kvar og prøve å sjå ting frå dei andre barna sin ståstad, (perspektivtaking).**

Barna skal få kjensle av at dei høyrer til ein del av fellesskapen og at dei må tilpasse seg visse reglar for at kvardagen skal vere prega av trivsel, leik, læring, humor, omsorg og glede.

Barna skal kjenne at dei har vener i barnehagen. Vi skal også arbeide for å bevare venskap, samstundes som nye vert etablert.

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhøyrse og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i fellesskapet, er viktige verdiar som skal speglast i barnehagen.

(Rammeplanen 2017 s.7)

Barns medverknad

Barna skal møte vaksne som er følelsmessig tilkobla. Barns høve til medverknad står sentralt. Barna kan medverke der dei har føresetnadar for å medverke. Det er viktig å ikkje gje barna ansvar for meir enn dei har føresetnadar for å meistre. Barna er med å evaluere aktivitetar og barnehagekvardagen, der dei kan uttale seg om kva dei synast er moro og ønskjer å gjere meir av, og kva dei ikkje synast er så interessant. Barna er også med å utforme venskapsreglar og reglar for korleis ein skal vere mot kvarandre.

"Det du legger inn av omsorg, ømhet, glede og latter kommer ut igjen som psykisk helse og mestring hos barna du jobber med" Sitat frå boka "Se barnet innenfra" av Brantzæg, Torsteinson og Øiestad 2016.

Barns medverknad handlar ikkje om at barna skal få bestemme «alt».

Leik og språk

Leik og språk henge tett saman. Den sosiale leiken fremjar språket og hjelper barnet til å kommunisere betre, både når det gjeld den nonverbale kommunikasjonen og den verbale kommunikasjonen. I leiken meistrar barna ein heil verd og skaffar seg erfaringar frå andre og leikar ut desse erfaringane og skaffar seg nye. Barna lærer blant anna å omgås andre

barn på ein positiv måte, dei bearbeidar kjensler og opplevingar, har det gøy, dei utviklar identitet og sjølvkjensle. Hjernen er faktisk heilt avhengig av at barnet meistrer lekekodane og sosial omgang for å utvikle seg optimalt.

Det at barnet er trygt og trivast i barnehagen, er ein føresetnad for at barnet skal kunne utfalde seg i leik. Vi vaksne saman med de foreldre har eit stort ansvar for at barnet trivast og er trygg i barnehagen. Vi ønskjer også å arbeide med å utvikle kvart barns ansvar og kjensle av å høyre til i gruppa. At barnas åtferd har betydning for andre barns trivsel.

Felles opplevingar som turar, konsertar, teater, bøkar, eventyr gjer god næring til leiken. Da har barna felles utgangspunkt for å leike det dei har opplevd, og kan bidra i utviklinga av leiken.

Nokon barn treng meir hjelp enn andre til å kome inn i leik og bli der. Her kan det vere fint med små grupper.

Vi nyttar forskjellige verkøy for systematisk arbeid med sosial kompetanse, i tillegg til samtalar, hjelp i konfliktar osv. **Dialog** skal stå sentralt blant barn og vaksne i barnehagen.

FORELDRES MEDVERKNAD I PLANLEGGINGSARBEIDET

Foreldra kan ta kontakt med oss eller foreldrerepresentantane i forkant av møtet i Samarbeidsutvalet, der årsplanen skal fastsetjast, dersom dei har innspel. Foreldresamtalane er ein aktuell arena for samarbeid og planlegging som gjeld enkeltbarn. Her kan både foreldre og personale ta opp saker ein ønskjer å drøfte eller samarbeide om. Vi vil gjerne ha ein løpande dialog med foreldra. Ved bringing og henting vil vi vere tilgjengelege for kontakt så langt det let seg gjere. Barna og barnegruppa treng oss "på golvet", men vi prøver å få tid til beskjedar og tilbakemeldingar. Dersom de/vi vil ha ein lengre prat eller drøfte ting som er best å ta opp utan barn til stades, er det best å ringe. Barnehagen inviterer til foreldresamtale to gonger i året. Fleire samtalar kan avtalast ved behov. Velkommen til oss med tankar og innspel. På stort og smått. Ris og ros. Vi skal lytte så godt vi kan.

Vi ser fram til eit spennande prosjekt saman med dykk foreldre, om ein enda betre kvardag for barna våre.

Fagområda

1. **Kommunikasjon, språk og tekst**
2. **Kunst, kultur og kreativitet.**
3. **Natur, miljø og teknologi**
4. **Etikk, religion og filosofi**
5. **Nærmiljø og samfunn**
6. **Mengde, rom og form**
7. **Kropp, rørsle, mat og helse.**

Rammeplanen 2017: "Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse." S 47

Dette er fagområda Rammeplanen seier vi skal arbeide med. I løpet av ein barnehagedag, har vi vore innom alle fagområda. Det er vår jobb som vaksne å vere bevisste dette.

Arbeidsmåtar

Rammeplanen seier at arbeidsmåtane skal vareta barna sitt behov for omsorg og leik, fremje læring og danning og gi barna høve til å medverke. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljø.

Personalet skal blant anna byggje på kreativitet og leik og vere opne for improvisasjon og innspel frå barna.

Nynorsk

Barnehagen brukar nynorsk som skriftspråk. Barna skal møte nynorsk i kvardagen i bøker, songar, rim og regler.

Progresjon:

"Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang" (Rammeplanen s. 44).

Rammeplanen tydeleggjer kravet om å synleggjere progresjon i barnehagen. Og at barnehagen skal vere ein lærande organisasjon. Progresjonen sikrast blant anna gjennom refleksjon og samtalar på personalmøte, der vår rolle som vaksne vert sett fokus på og kva vi tilbyr barna. Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Rammeplanen er klar på kva for krav personalet har på dette punktet.

Digital satsing.

Vi held fram med digital satsing og har no fått ein stor visnings skjerm. Den kan nyttast av barn og vaksne i alle aldere og vi er berre i startgropa for å finne ut av alle moglegheitane kring denne skjermen.

I Rammeplanen står det at bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosesser og sørge for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Ved bruk av digitale verktøy skal personalet vera aktive saman med barna, samstundes skal bruk av dette verktøyet må brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte. Også i år skal personalet auke sin kompetanse på det digitale feltet. Barnehagen nyttar digitalt forstørrelsesglas, ipad, prosjektor, digitalt kodespel, Prowisern osv, til felles læring og næring til leik.

Det å nytte digitale verktøy som ipad, prosjektor og pc, kan vere som eit middel til utvikling av språk, evner til å vente på tur, utvikle sosiale ferdigheitar, evne til å lytte. Og skal nyttast i korte periodar og med klare mål.

Dokumentasjon-vurdering

"Læringa til barna og arbeidet til personalet må gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen og barnehagen som arena for læring, leik og utvikling", står det så fint i Rammeplanen. Dette prøver vi å gjere igjennom permene til barna, samt utstillingar av det barna lagar og samtalar med foreldre. Barna er opptatt av permene sine og når dei synar permene sine til kvarandre skjer det mykje god kommunikasjon.

På kvart personalmøte vurderer, reflekterer, evaluerer og regulerer vi arbeidet vi gjer i barnehagen. Det er viktig å vurdere arbeidet opp imot delmål og intensjonen med aktivitetane, og gjere endringar der det trengs for å ha høgre måloppnåing. Ein barnehage er heile tida i bevegelse for å utvikle seg. Samtidig som det er viktig å halde fram med ting som fungerer og er gode. Vi reflekterer kring enkeltbarn for å gjere barnehagekvardagen så god som mogleg, og i samsvar med planane vi har å forhalde oss til. Personal møte, planleggings dagar, FSB-møte med ppt osv har alle til hensikt å skape refleksjonar over praksis og endre den til det betre. **Felles refleksjon over barn og praksis er den beste måten å utvikle seg på.** Faglege kurs og møte er også særskilt viktig for å utvikle seg.

Vi ønskjer å fortsette med observasjonsskjema Å by barnet opp til dans. Dette er eit kartleggingsverktøy som er utarbeida av Bredtvedt kompetansesenter og tar for seg barnets språklege engasjerbarhet hos barn frå 0-3 år, og barnets språklege engasjement frå 3-6 år. Observasjonsskjemaet bidrar til at vi vaksne blir klar over at vi ikkje kan observere barnets språk, utan samtidig å ta omsyn til vårt eige bidrag som språkbrukarar. **Kva byr vi på, for at barnet skal utvikle seg?** Det er korleis den vaksne er i samhandling med barnet, som er det avgjerande. Trass og Alle med, dei kartleggingsverktøya vi i tidlegare har nytta, blir lagt litt på hylla, og berre nytta i spesielle høve. Det er viktig å vere

kritisk til bruk av kartlegging, men vere klar over at det er som tilleggsinformasjon til refleksjonar og observasjonar i personalgruppa.

Til foreldresamtalar fyller vi ut eit skjema som i hovudsak tar for seg sterke sider, trivsel, vener, kva barnehagen kan arbeide meir med.

Førskuleplan.

Kommunen har utarbeida ein eigen plan for overgangar i opplæringsløpet i kommunen. Denne planen heiter Frå eldst til yngst, og tar blant anna for seg overordna plan for 5-åringane i Nissedal kommune. I førskulegruppa vert denne planen grunnlaget for arbeidet. Fokuset går mykje på relasjonar, konflikthåndtering, sosiale ferdigheiter, vere sjølvstendig, leik, ta imot beskjedar, utføre ei gitt oppgåve, språklege ferdigheiter, tallforståing . Leik og leikprega aktivitet vert lagt stor vekt på.

I år er det Hedda, Rasmus og Eira som er førskulebarn.

Vi har førskulegruppe kvar tysdag dette året.

Dei vil få eigen bok, som heiter Frå barnehage til skule. Dette er ein spesielt tilpassa arbeidsbok laga av Gan Aschehoug, med flotte oppgåver. Det vert også mykje fokus på **samarbeidsoppgåver** for å styrke samhandlinga barna imellom.

I år har vi fått til enda ein arena for mjukaer overgang til skulen. Kvar måndag er førskulebarna med ein vaksen frå barnehagen, med 1.-4.klasse på utegymtime med fokus på nærmiljø, relasjonar, fysisk aktivitet og leik.

Kvar torsdag kjem 1.klasse på leikebesøk i barnehagen.

Barnehagekarriera avsluttast med overnatting i barnehagen, saman med to vaksne.

Samarbeid med skulen

Vi har eit nært og godt samarbeid på heile oppvekstsenteret, og vi er stolte av at vi samhandlar som eit felles oppvekstsenter. Overgangen til skulen blir forutsigbar og trygg og lærarane blir kjend med kommande elevar lenge før dei begynnar på skulen.

SFO på morgonen er i barnehagen. Barna på oppvekstsenteret nyttar same uteareal og har mykje glede av felles leik og aktivitetar.

Vi har ikkje definert alle samarbeidsarena i år, da det er mange omsyn å ta med tanke på korona utviklinga der. Men vi samarbeidar så mykje vi kan.

Prøveskule

Frå november skal barna delta på prøveskule saman med småskulen. Det betyr at førskulegruppa er saman med småskulen ca ein time pluss pause. Vi har nå god erfaring med desse prøveskuledagane, der barna blir trygge og kjente på skulen i god tid før dei begynnar for fullt. Det er også lærersituasjon av dimensjoner der skulebarna hjelper førskulebarna til å finne seg til rette. Det skjer magiske ting på slike dagar. Dato for desse dagane kjem seinare.

Vi ser fram til eit innhaldsrikt og spennande år. Ta kontakt om det er noko.

Helsing Signe, Anne Berit, Henriette, Kristina, Kari, Monica, Gunn, Vilde og Marianne

Tid tilbrakt med barn er
dei minst bortkasta
timane i ditt liv

Månad	Kva skjer	Datoar å merke seg
August	Nytt barnehageår tek til. Planleggingsdagar	Måndag 10. august Torsdag 13. august og fredag 14.august
September		
Oktober	Skulen har haustferie i veke 41	
November	Planleggingsdag	Fredag 6.november Felles for Vest-Telemark og skulen
Desember	Barnehagane er stengt i jula	Frå og med torsdag 24.desember til og med måndag 4.januar
Januar	Planleggingsdag	Måndag 4 .januar
Februar	Vinterferie i veke 8 for skulen	
Mars	Søknadsfrist for barnehageopptak:	1.mars 2021
April	Barnehagane stengt i påska Foreldre må levere ferieliste til barna	Frå og med 29.03-05.04 Innan fredag 23.april
Mai	Planleggingsdag	Ikkje fastsett dato ennå
Juni		
Juli		Barnehagane stengt i veke 29 og 30
August	Barnehageåret slutt til og med veke 32 Siste barnehagedag barnehageåret 2020-2021	Fredag 13.august

